



TAKK!

Nå skal vi gjere vårt for at Skjåk blir det Skjåk som **dykk** ønskjer!

Ein stor takk for innsatsen og engasjementet i å dele ønskjer, håp og draumar for framtida med oss. Eg blir glad og stolt når eg les attendemeldingane og innspela vi har fått i samband med strategiarbeidet.

Vi politikarar treng engasjement og rettleiing når vi skal ta viktige val for framtida i Skjåk. Konsekvensane av dei prioriteringane og val som blir teke, vil vere det Skjåk dykk i framtida skal arbeide og bu i.

Derfor er det så viktig at Skjåk blir det Skjåk dykk vil at det skal vere.

Ungdom har ønskjer, håp og draumar for framtida. Ved at dykk deler desse med oss nå når vi legg strategiar for framtida, gjer dykk oss betre i stand til å ta dei riktige og viktige avgjerdene.

Eg har alltid hatt tru på ungdommen og spesielt våre eigne, som har vakse opp med dei gode haldningane i Skjåk.


Eg har valt ut nokre få av dei mange gode uttalene og skildringane dykk har sendt inn. Sitat som har fått meg til å reflektere over det store ansvaret det er å innfri alle forventningane som er der ute.

På vegne av alle politikarar i Skjåk lovar eg at vi skal gjere vårt beste for at dykk ikkje blir skuffa. Min ambisjon er at dykk skal vere like nøgde med dei vala vi tek, som eg er med den innsatsen og tilliten dykk har synt oss.

Vi lever i spesielle tider, og russefeiringa blir dessverre heller ikkje i år slik vi alle hadde håpa. Men saman skal vi bidra til å bygge vidare på dei gode verdiane og haldningane vi har i Skjåk og legge til rette for ei god framtid for oss alle.

Gratulerer med dagen!

Edel Kveen
Edel Kveen
ordfører



Eg er ikkje sikker på kva slags jobb eg ynskjer meg, men hugs - tenk nytt og ikkje vær redd for å tenkje stort

Vi treng at alle tek tak. At alle skal kunne ha ei stemme - og bidra med idear til tilførsel av ting til bygda. Bygdeavstemningar kan vera spanande, det vil gjere at folk engasjerer seg

Eg held meg oppdatert om kva som skjer i Skjåk via Fjuken, Snapchat, Facebook, Instagram og kontakt med familie og vener

VI TRENG NÆRINGSLOKALE SLIK AT EIN EVENTUELT KAN JOBBE I EI STØRRE BEDRIFT, MEN HA BASE PÅ EIT KONTOR

DET ER MEIR INTERESSANT FOR MEG Å FLYTTE ATTENDE DERSOM VI KAN GJERE BYGDA MEIR ESTETISK

Skjåk er nøydd til å tørre å tenkje stort, nytt og fram i tida. Vi må kvitte oss med det stigmatiserte kjenneteiknet om at Skjåk er eit aude bondeland, og erstatte det med ei høgteknologisk fjellbygg

EG YNSKJER MEG EN JOBB SOM EG KAN RÅ MEG SJØLV I !

EG VIL AT FOLK SKAL VETA OM SKJÅK, OG IKKJE BERRE NABOKOMMUNA LOM

For å bli buande i Skjåk treng eg noko å finne på i helger og på kveldstid, som t.d. pub og spelkveldar. Skeid Kro kan for eksempel ha ope laurdagskveldar for ølservering, arrangere quizkveldar, få tak i shuffleboard eller andre slags sosiale spel. Det skal ikkje så mykje til for å få det litt betre og artigare i Skjåk!

Om det kjem nokon å flytte hit så er det frykteleg viktig at dei føler seg skikkeleg inkludert. Det er ikkje berre kommuna si oppgave, men alle si. Det er viktig at naboane og folk rundt viser at vi bryr oss om dei som kjem til Skjåk

Eg ynskjer meg jobb på omsorgsbolig, eller starte eget selskap som går ut på rehabilitering og habilitering i natur

BUR HER, VIL BU HER, KJEM TE BU HER!

Vi må ha fleire sosiale møtestader for alle aldersgrupper, men kanskje særleg for dei nyetablerte og nyutdanna. Dette trur eg er viktig for å få folk til å trivast i bygda

Skjåk kommune må ha fokus på å få attende ungdommen, og legg opp til at det er gode moglegheiter for kjøp av bolig/tomt

Utvikling og modernisering av både sentrum og kommuna. Nett no så verkar det å vera naturen som er satsingsområde, men eg kunne ønske meg at Skjåk kunne stå fram som ei nyskapande kommune der ein kan drive med utvikling og forskningsarbeid i tillegg. Rett og slett lage eit forskarmiljø - tenk en Skjåk-variant av Silicon Valley - utan at det må gå på kompromiss med naturtilbodet

Det aller viktigaste for at eg skal flytte attende til Skjåk er at ein får fleire fasilitetar i bygda. I tillegg trur er det er viktig å starte fleire bedrifter som gjev arbeidsplassar. Men når eg seier vi må starte nye bedrifter, meiner eg noko **NYTT**. Ikkje kafear og liknande, men noko meir spanande - primær og sekundær bedrifter når det gjeld produksjon av varer og tenester

